


RISS

Et arkeologisk tidsskrift

Nr. 1 2012



Leiar

Denne utgåva av Riss skulle opphavleg hatt temaet steinalderarkeologi, men utan nok tekstar innan dette emnet har vi også tatt med ein tekst av Håkon Reiersen som tek for seg eit noko sårt tema, nemleg arkeologar som var medlemmar av NS og som brukte forhistoria for å fremje nazismen. Det er likevel eit viktig tema å ta opp og ein viktig bit av norsk arkeologisk faghistorie. Tina Jensen Granados skriv ein artikkel om skiveøksa, der ho stiller spørsmål om skiveøks er det rette namnet på denne reiskapen. Medan Linda Marie Amos sin artikkel omhandlar neandertalarane og deira bergkunst og kva betyding dette har for språkutvikling for det arkaiske mennesket.

Med dette nummeret av Riss er det tre redaksjonsmedlemmar som takkar for seg. Anna Skaar, Ann-Kristin Dahlberg og Per Christian Burhol leverte i vår sine masteroppgåver. Den attverande redaksjonen ønskjer dei lukke til vidare. Dette gjer at redaksjonen no treng fleire nye medlammar. Er du arkeologistudent ved UiB og interessert i å vere med i rissredaksjonen?

Ta kontakt med rissred@gmail.com.

God lesing!

RISS utgis av arkeologistudentar ved Universitetet i Bergen. Tidsskriftet kjem ut med to nummer per år.

ISSN 1503-7436. Årgang 10.

Årsabonnement på Nkr. 130,- kan teiknast ved å ta kontakt med:
rissred@gmail.com

eller

RISS - Et arkeologisk tidsskrift
v/Universitetet i Bergen, AHKR
Øysteins gate 3
5007 Bergen

Kontonummer: 5210 0533111

Hjemmeside: <http://riss.uib.no>

Redaksjonen Nr. 1 2012 bestod av:
Karoline Hareide Breivik, Martha Kristine Lillestøl, Anna Skaar, Ann-Kristin Dahlberg og Per Christian Burhol.

Copyright tilhøyrer artikkelforfattarar og RISS. Signerte artiklar står for forfattarens eige ansvar.

Forside: Illustrasjon av skiveøks

Henta frå: Alsaker 1987: Fig.83

Trykt hos Kopibutikken Bergen AS

Innhald

Neanderthal Iconic Art and the Question of Language <i>Linda Marie Amos</i>	4
Skiveøksa - eit fleirfunksjonelt reiskap? <i>Tina Jensen Granados</i>	13
Arkeologen som skreiv NS-propaganda. Ei fortrengd faghistorie? <i>Håkon Reiersen</i>	22
Presentasjon av innleverte masteroppgåver i arkeologi ved UiB, haust 2011 og vår 2012	31

RISS blir utgitt med støtte frå



Neanderthal Iconic Art and the Question of Language

Linda Marie Amos

The reported discovery of Neanderthal iconic art from the Nerja Caves near Malaga, Spain has been dated to 42,000 BP (years before present) through charcoal remains found directly adjacent to the paintings. This could have implications regarding the evolution of language in archaic hominids. The images might also represent the oldest known cave art in Europe. This article will examine the background for such claims and explore the implications of such indisputable evidence in the debate of modern human behaviour in Middle Palaeolithic Neanderthals.

What is Behavioural Modernity?

Christopher Henshilwood and Curtis Marean describe Modern Human Behaviour as "... the behaviour that is mediated by socially constructed patterns of symbolic thinking, actions, and communication that allow for material and information exchange and cultural continuity between and across generations and contemporaneous communities". In the search for behavioural modernity, there may be no stronger indication than the use of symbols and especially the production of iconic art. The transmission of cultural information through inani-

mate artefacts and artistic expression implies a depth of cognitive ability beyond purely technological and economic proficiency.

Symbolism entails a conceptualisation not only on an individual level, but can assert belonging, reflect cultural ideas, mark social boundaries and transcend languages. The presence of symbolically loaded artefacts in an assemblage is said to bear witness of the language capacity of the manufacturers. Iconic art; animals and humans manifested through a creative process into image or sculpture, has been



© EPA

Figure 1 Seals painted on a stalactite at Nerja Caves, Spain. Source: The Daily Mail.

http://i.dailymail.co.uk/i/pix/2012/02/07/article-2097869-119FE6AA000005DC-534_634x951.jpg

hailed by some researchers as the first undisputed evidence of symbolic behaviour in early modern humans and thereby a clear marker of linguistic capacity in prehistoric societies. The supposed lack of such expression in Neanderthal populations is offered as an argument to deny the fully modern cognitive abilities of their society.

A Spoken Language

Words woven systematically into a pattern of statements with specific meaning, to be read in specific order and dictated by a set of grammatical standards certify a leap of cognitive fluency that entails the capacity for analogy and metaphor. These in turn are considered to be the foundations of art, science and religion. Language is as vital a part of social structure today as it must have been in the past. It is a medium for individuals to express opinions, share happiness and worries, plan activities, delegate responsibilities and also pass down knowledge to children and apprentices alike.

In mapping the Neanderthal genome, researchers also discovered the presence of the FOXP2 gene in Neanderthal DNA. The FOXP2 gene "is involved in the developmental process that culminates in speech and language" and was located in Neanderthal DNA bearing the same selective

mutations that are found in present day humans. The discovery that the Neanderthal FOXP2 gene shares two evolutionary changes with that of anatomically modern humans indicates that this gene was already in place in both populations before their divergence ~500,000 years ago, possibly implying the presence of language or a precursor to language in their common predecessors.

Morphologically, Neanderthals have been proven to possess the same proportions in the hypoglossal canal and thoracic vertebrae as anatomically modern humans, thus accommodating an equal aptitude of motor control of the tongue and breathing. A hyoid bone recovered from Kebara, Israel displays no morphological distinction from the hyoid bones of anatomically modern humans, thereby supporting Neanderthal linguistic ability. Further back in the fossil record *Homo heidelbergensis* skulls from Sima de los Huesos at Atapuerca in Spain have shown that by 300,000 BP, auditory capacity in Neanderthal predecessors was indistinguishable from that of anatomically modern humans today. Even more remotely, evidence in the form of a spinal column excavated at Dmanisi, Georgia also points towards a capacity for language in 1.8-million-year-old hominins, supporting the

possibility that the original hominid inhabitants of Europe also spoke to one another. Even so, some researchers believe that Neanderthals did not possess the behavioural prerequisites to compose and utilize a composite language. Steven Mithen has listed the stability of Neanderthal culture as a marker of the lack of composite language, citing the long-lived stability in culture and a dearth of evidence regarding innovation through the Neanderthal era as proof. He dismisses all cultural and morphological evidence supporting an equal linguistic capacity, presenting instead his theory of Hmmmmmm-speech; Holistic, manipulative, multi-modal, musical,

mimetic. A holistic approach implies language to have appeared as a system where every utterance conveyed a message rather than a single word, in contrast to a compositional approach which asserts that early language consisted of specific words but with little or no grammatical structure to utterances. In Mithen's theory, holistic



Figure 2 Clockwise from the left. 1) The Lion Man from Hohlenstein-Stadel. Source: Wikimedia. 2) Mammoth carved in mammoth ivory from Vogelherd Cave, Germany. Source: Spiegel Online. 3) Horse carved in mammoth ivory from Vogelherd Cave. Source: ice-age-art.de 4) Cave painting from Chauvet Cave, France. Source: Wikimedia.

language evolved in Neanderthals in Europe while compositional language evolved in Africa with anatomically modern humans, possibly as the result of a sudden, fortuitous genetic mutation. Why exactly this proposed deviation in language development should appear in Europe is not evident in any way in the morphology,

technological prowess, economic endeavours or symbolic expression of *Homo sapiens neanderthalensis*.

Technological markers of linguistic capacity can be recognized in the tool-kits of Neanderthal populations. The Mousterian and the Levallois technique utilized throughout that period are both the product of in situ evolution in Europe indicating an aptitude for innovation and the standardisation of skill and artefacts across a wide geographical span. The stability of the Mousterian culture signifies a long-standing, continental-wide cultural agreement that must have been communicated through spoken language. The presence of composite tools, blade-based lithic industries, artefact diversity and the exploitation of organic raw materials also allude to a spoken language. The processes needed to create predetermined tool-types and compose weapons from several resources, for example a Levallois point hafted to a wooden spear and fastened with bitumen, would demand not only the cognitive capacity to conceptualize such a design, but also some degree of linguistic prowess to communicate from manufacturer to manufacturer.

The Middle Palaeolithic Neanderthals occupied a cold, harsh continent

which demanded a high focus on day-to-day survival. The pressure put on them by their environment forced them to adapt their subsistence strategies accordingly. As a population, they evolved to practise specialized hunting techniques on large game, some of which would take extensive planning and cooperation to bring down. They employed weaponry specific to their task and utilized marine, avian and plant resources to diversify their diet, exploiting every niche of the ice age pantry from ducks and seals to herbs, legumes, mammoths and horses. A high level of communicative skill would be required to share and explain the reasoning behind those choices, delegate tasks within the group, and plan a successful hunt. This communication was not confined solely within the social group. DNA research has shown a patrilocal breeding pattern in the Neanderthal occupants of El Sidron Cave, Spain. The three male individuals were found to be of the same family, while each of the women came from a separate group. If Neanderthals were exchanging mates, it is reasonable to believe that they also exchanged resources and goods, and perhaps stories and the odd joke or two.

The use of language is also evident in the interaction and interbreeding now

proven to have occurred between Neanderthals and the contemporary anatomically modern neighbours. In this situation, the meeting of two peoples, Neanderthals have shown the capacity not only to speak, but also the scope of cognition requisite to overcome a language barrier considering it is unlikely that, given their widely divergent environmental backgrounds, both groups spoke the same language upon their initial encounter. Only a fully cognisant brain could process the wealth of information that is necessary to merge two cultural codes of audible symbols into one.

Iconic Art?

The French paintings of Chauvet (35 000 BP) and Lascaux (17 000 BP) and the German Lion Man of Hohlenstein-Stadel (32 000 BP) along with the mammoth (35 000 BP) and horse (33 000 BP) figurines from Vogelherd, represent a detail and artistic whim that has become the standard by which we judge the modernity of other paleoart. Possible examples of Neanderthal art have been contested both on account of their sparse distribution and lack of apparent sophistication. The rarity of such artefacts, both modified and unmodified, in the Middle Palaeolithic has been named as a reservation towards Neanderthals linguistic skill because basing a theory on such little

evidence is thought to be unscientific.

The so-called Neanderthal face of La Roche-Cotard has been interpreted as a pierre's artefact (an artefact that was collected and then modified by humans) or proto-figurine. A piece of flint with a natural tubular perforation dividing the object in two parts has been altered manually to give it a more regular shape. A piece of bone was then inserted into the tubular anomaly and fastened in place by two small flint plaquettes. The conceptual sophistication and artistic impulse required to recognize a potential human face in a lithic, the leap of imagination it takes to see life in stone, and the depth of planning in the modification and complementing use of bone to represent eyes clearly shows an appreciation for the imagery innate in some inanimate objects.

Eighteen cupules (cup-shaped marks pecked out of a rock surface) were found engraved on a limestone slab covering the burial of a Neanderthal infant dating to 60 000 – 70 000 BP. Sixteen of the cupules are set in deliberate pairs and the design signifies the eldest art known in Europe. Other instances of Neanderthal artistic expression are known from sites in the Ukraine, Hungary and southern Siberia, but none have gained recognition



Figure 3: The mask of La Roche-Cotard from Langeais in Indre-et-Loire (France).

Source: Pettit 2003/4.

as indisputable proof of linguistic capacity. Pigments bearing the resemblance of use as crayons are found at several sites from the Middle Palaeolithic. At Grotte du Renne, France alone researchers recovered over 14 kilos of pigment in total. These pigments were undoubtedly utilized in symbolic ac-

tivity and possibly in the creation of images.

The final barrier to cross in order to validate Neanderthal linguistic proficiency and symbolic capacity would seem to be the conclusive presence of iconic art. The verification of the Nerja

paleoart as a product of Neanderthal workmanship could eliminate the long standing debate regarding their cognitive and cultural modernity and open the door to a more global focus in the search for the roots of Modern Human Behaviour. The illustrations depict a total of six seals along the length of a stalactite protruding from the cave's ceiling. The figures painted with a red pigment. The Neanderthals at Vanguard Cave, Gibraltar are known to have hunted seals on a seasonal basis for consumption, indicating that the cave paintings could be, like the faunal art of Chauvet and Lascaux, representations of prey animals. If the images are found to be of Neanderthal workmanship there will no longer be grounds to dismiss their

cognition and linguistic capacity. Only more detailed research and successful direct dating of the pigments utilized in the production of the Nerja images will verify or nullify their importance in the search for indisputable evidence of symbolic and linguistic capacity in Neanderthals. José Luis Sanchidrián from the University of Cordoba estimates that a conclusive chronological study will be ready in 2013. Meanwhile, the presence of visible traits defining modern human behaviour in the material record, along with a complimentary morphology and genetic aptitude still imply the presence of a composite language in Neanderthal societies, but are, as of yet, far from undisputed.

Vidare lesing:

Caron, F., et al. 2011. The Reality of Neandertal Symbolic Behavior at the Grotte du Renne, Arcy-sur-Cure, France. PLoS ONE 6(6):e21545.

Henshilwood, C.S. 2007. Fully symbolic sapiens behaviour: Innovation in the Middle Stone Age at Blombos Cave, South Africa. In: Rethinking the Human Revolution: New Behavioural and Biological Perspectives on the Origins and Dispersal of Modern Humans. Edited by P. Mellars, K. Boyle, O. Bar-Yosef and C. Stringer, pp. 123-132. Cambridge: McDonald Institute for Archaeological Research. University of Cambridge.

Henshilwood, C. S. & Marean, C. W. 2003. The Origin of Modern Human Behaviour. Current Anthropology. Vol 45(5):627-665.


MacErlean, Fergal (10/2/2012) <http://www.newscientist.com/article/dn21458-first-neanderthal-cave-paintings-discovered-in-spain.html>

NICOLAY

er et tidsskrift utgitt av arkeologistudentene i Oslo siden 1967. Vi publiserer artikler skrevet av både arkeologistudenter og ferdigutdannede arkeologer. Temaene er varierende, men har tilknytning til arkeologifaget. Nicolay er kjent for å publisere både vitenskapelige og mer lettlesete artikler.

Vi gir ut 3 numre i året og et abonnement koster kr. 150,-

Nye numre av Nicolay kan også kjøpes enkeltvis på Akademika og Historisk museum for kr 50,-



Abonnement kan bestilles på vår hjemmeside:

www.nicolaytidsskrift.no

Skiveøksa - eit fleirfunksjonelt reiskap?


Tina Jensen Granados

Skiveøksa er ein reiskap som ved sitt namn er funksjonsspesifikk. Namnet er eit resultat frå tidleg forsking og tolking på denne oldsaaken. I seinare tid er funksjon og bruk av skiveøkser breitt diskutert, spesielt i dansk og svensk forsking. Etter å ha undersøkt omlag 190 vestnorske skiveøkser er det mogleg å trekke fram nokre konkrete bruks- og funksjonstolkingar frå dette materialet. Namnet skiveøks er noko misvisande, og denne artikkelen skal gjere greie for kvifor.

Skiveøks som reiskapsform har lang produksjonstid i Sør-Skandinavia. Her opptrer den som del av reiskapsinventaret i alle fasar av eldre steinalder, og produksjon av skiveøkser fortset sporadisk i yngre steinalder og er dokumentert heilt fram til overgangen eldre bronsealder (tidleg dolktid). I Vest-Sverige er skiveøksa vanleg innanfor Hensbacka-, Sandarna- og Lihultkulturane: alle datert til eldre steinalder. I Sør-Noreg vert skiveøksa forstått som eit karakteristisk reiskap i Fosnatradisjonen, både på vest- og austlandet men med eit hovudområde for utbreiing langs kysten av Vest-Noreg.

Skiveøksa er òg vanleg på tidlege Komsalokalitetar som i hovudsak er å finne i Finnmark. I Noreg er det vanleg å datere skiveøksa til tidlegmesolittisk tid, mellom 11 500-10 000 før notid. Som ein konsekvens av at skiveøksa vert tilverka og nyttta innanfor eit langt tidsrom og innanfor ulike kulturelle kontekstar, finnes det òg mange tolkingar kring kva funksjon denne reiskapen har hatt.

Skjellopnar, øks eller skrapar?
I tidleg forsking vert skiveøksa omtalt som eit reiskap til å kløyve og spalte med, og ber difor namnet skivespalter




Figur 1 Illustrasjon av skiveøks. Ei breiside er slett den andre breisida har "eggbuk", i Bømlo – Steinalerens råstoffsentrum på Sørvestlandet av Alsaker 1987: Fig.83.

(frå tysk: Spalter). Skiveøks vert etter kvart vanleg fordi eggjen vert tolka som ein egg til å hogge med: eit hoggereiskap framfor eit kløyvereiskap. Det er likevel mange som har tolka reiskapen til å ha eit bruksområde utover kva namnet skiveøks viser til. Skiveøkser funne i relasjon til store skjellmøddingar i Uddevalla i Vest-Sverige frå Hensbackalokalitetar, vart tolka som knivar til å opne skjell med. Ein annan analyse som kan underbygge denne tolkinga er undersøking av bruksspor som indikerer at skiveøkser har vore nytta skråstilt som eit hoggejern, handheldt framfor skjefta. Skiveøksa er asymmetrisk forma, sett i profil er breisidene ulike: ei breiside er slett den andre har "eggbuk"

(sjå Fig.1). Denne forma dikterer i stor grad korleis skiveøksa har vore skjefta, noko som òg er bekrefta av skjefta skiveøkser funne i Danmark. Her er skiveøksa (øksebladet) satt inn i eit mellomstykke av tre eller horn, og deretter satt fast i eit skaft av tre (Fig.2). Slike få men viktige funn, syner at skiveøkser i nokre tilfelle har vore skjefta og har vore nytta som ei tverrøks.

I 1982 presenterte Helena Knutsson ein brukssporanalyse av skiveøkser. Skader på eksperimentelt tilverka skiveøkser som hadde vore utsatt for ulike typar slitasje, vart undersøkt under mikroskop. Dette materialet vart samanlikna med skiveøksmateriale



Figur 2 Funn av skiveøks i eit mellomstykke av tre, frå Kolding Fjord i Danmark.
Mellomstykket kan ha vore skjefta som illustrert (Vang Petersen 2008:Fig.44).

frå Soldattorpet i Lihamn på Malmö. Skiveøksene var datert til seinmesolitisk tid, alle frå Ertebøllekontekstar. Konklusjonen vart at skiveøkser fra Soldattorpet hadde vore nytta som eit fleirfunksjonelt reiskap, men med


overvekt av skiveøkser som viste skadar frå skraping på hud, og elles skadar som synte at skiveøksa hadde vore nytta som kniv på kjøtt, tre og lær. Berre ei skiveøks hadde skadar som tilsa hogging i tre.

Vestnorske skiveøkser: Teknikk og funksjon

Gjennom arbeid med ei masteroppgåve som omhandla skiveøkser frå Hordaland og Rogaland, var fokuset klassifikasjon, teknikk og distribusjon (upublisert masteroppgåve av forfattar, 2011). Materialgjennomgang resulterte i 183 skiveøkser frå nemnt område, som deretter vart fordelt i fire klassifikasjonskategoriar, som vist i Figur 3. Funksjon var ei sidestilt problemstilling i dette arbeidet, men i analyse av teknikk og klassifikasjon vart dette likevel ein uunngåeleg og viktig tematikk.

Av alle skiveøkser frå Vestlandet var berre ni eksemplar rekna som ikkje intakte. Frå dette materialet viser berre fire skiveøkser skadar som kan tolkast frå øydelegging ved bruk. Bruksspor eller skadar på eggan var jamt over synleg i materialet i større eller mindre grad, men utan gode brukssporanalysar på eggan kan ein eigentleg ikkje utelate andre årsakar til at eggan har skadar. Gjennomsnittslengde og -eggbreidd på skiveøkser syner relativt korte mål: 5,7 cm lengde og 3,7 cm over eggan. To skiveøkser i materialet måler minste lengdemål på 2,4 cm, og ei skiveøks representerer maksimumsverdien på 11,7 cm. Skiveøkser under 4 cm i lengde er truleg eit vestnorsk

(mogleg sørnorsk) fenomen, og er uvanleg eller aldri tilfelle for skiveøkser på sørskandinaviske og vestsvenske lokalitetar. Forutan to skiveøkser av grønstein og to av kvartsitt, er alle laga på flint. Flinten varierer i kvalitet og over 90 prosent er laga på ein flint av grovare kvalitet: truleg Danienflint. Eit klassisk eksempel av ei skiveøks har trekanta form og divergerande sidekantar med ein tydeleg markert nakke og egg, men ei slik skiveøks representerer ikkje alltid empirien. Skiveøksmaterialet frå Vestlandet sett under eitt, viser store morfolojske variasjonar og har mange gongar så store ulikskapar at det kan vera vanskeleg å definere reiskapen som skiveøkser. Den største grunnen til dette er at skiveøksene ofte er oppskjerpa, ei handling som vert reflektert gjennom korte lengdemål generelt i skiveøksmaterialet. Oppskjerping av eggan kan skje som del av den primære tilverknaden men ein sekundær kontinuerleg oppskjerping vil endre både form og storleik. Eksemplaret som ein finn att på lokaliteten representerer soleis ein fase av reiskapens levetid: ein bruks- eller funksjonsfase. Det vil difor alltid vera eit etterhald i tekniske analysar av denne reiskapstypen, fordi storleik og form på skiveøkser kan ha endra seg mykje i forhold til den form og storleik skiveøksa hadde i utgangspunktet.



Figur 3 Vestnorske skiveøkser fordelt på klassifikasjons-kategoriane: symmetrisk flatehogd, symmetrisk kanthogd, asymmetrisk og atypisk.

tet. Dette er eit moment som ofte rører ved studiar av littisk materiale, og som utfordrar klassifikasjon som metode. Med dette i bakhovudet må spesielt eggjen på skiveøkser verte forstått som ein utskiftbar del av "øksekroppen" då denne vert kontinuerlig oppskjerpa gjennom skiveøksa si levetid.

Det at så mange skiveøkser synes å vera intakte men oppskjerpa, ty-

der på at skiveøksa vart vel nytta før ho vart lagt att på lokaliteten, men samtidig kan få funn av øydelagde skiveøkser stå som eit bevis for at skiveøkser som ikkje lenger har tent til formål som ei skiveøks, har vore ytterligare modifisert og forma om til eit nytt reiskap: ein sekundær funksjon. Til dømes synes ei skiveøks funne på Little Siftesvika lok.142 på Spissøy (B15423(69/14)), å vera sekundært nytta som ein kjerne til å slå flekker av.

Dette vert eit spørsmål om økonomi. Ytterkysten av Vestlandet i preboreal periode har truleg hatt god tilgang på flint av relativt god kvalitet. Men strandflinten deponert frå den svinnande isbreen representerer sjølvsagt ikkje ein økonomisk situasjon som kan samanliknast med råstofftilgangen på dansk og svensk jord. Difor er det ei logisk forklaring at vestnorske skiveøkser er små og vel nytta før dei vert forkasta, nettopp fordi at råstoffet ikkje kunne øydslast bort.

Klassifikasjonsdiagrammet (Fig.3) presenterer ei systematisering av skiveøksmaterialet med omsyn til flate- og kanthogging som teknikkar, og klassifikasjonen bygger på ei forståing av at skiveøkser enten har ei symmetrisk tilverka form eller ei ikkje-symmetrisk tilverka form. Dette er interessant nok, men klassifikasjonen gir ingen god attgjeving av korleis nakke- og eggparti er tilverka. Det er difor heilt avgjerande i studiar av skiveøkser, kanskje spesielt i studiar som skal søke å forstå funksjon, at ein ved sidan av klassifikasjon òg tek omsyn til visuelle morfologiske kriterium. At form og funksjon òg er eit resultat av teknologiske val er eit veldig viktige poeng, men i denne runden vert funksjon og bruksområde vektlagt.

Skiveøks eller "skiveskrapar"?

Anathon Bjørn observerte at fleire skiveøkser hadde fin retusj langs sidekantar identisk med tilverknad synleg på skraparar, og som ikkje kunne forklarast å vera tilsikta eit skaft. Dette er ein tilverknad som går igjen i skiveøksmaterialet. Nokre gongar renn retusjerte sidekantar over i ein retusjert egg, og den typiske trekanta eller firkanta forma til skiveøksa vert viska ut. Ei skiveøks funne på Gisøy i Bømlo kommune (B14398/202-203) er fyrste hogd til som ei symmetrisk flatehogd skiveøks, men er deretter retusjert langs store delar av eggjen og ein sidekant. Resultatet er ei skiveøks utan det tradisjonelle divergerande økseuttrykket med smal nakke og brei egg, men ei skiveøks med ein rund omriss og med gode skrapareggar langs store delar av sidekantane. Denne skiveøksa får nemning, rund skiveøks. Om denne oldsaken skulle vera satt i skaft er det logisk å tenke seg at nakkeparti hadde vore smalare enn den resterande skiveøkskroppen. Vegen er difor kort til å forstå akkurat denne reiskapen til funksjonelt å ha vore eit skrape- eller skjærereiskap, handheldt framfor skjelta. Denne skiveøksa står som ein representant for skiveøkser med ekstensiv retusjering. Slike skiveøkser under eitt, opnar for ein skiveøks/"skiveskrapar" problematikk. Ein skiveskrapar er sirkulær

i forma og har retusj på store delar av omkrinsen. Den er vanlegvis ikkje del av reiskapsinventaret i tidlegmesolittisk tid i Sør-Noreg (namnet står difor i hermeteikn), men det er verdt å poengtare at skiveøkser med stor grad av oppskjerping og med retusjerte sidekantar, morfologisk kan verte definert som ein skivesrapar. Ein skrapar vert forstått som eit verktøy til å skrape i både mjuk og hardt materiale med: på skinn, hud, kjøtt, tre, bein og gevir. Resultata frå arbeidet til Helena Knutsson som ovanfor vist til vert ein interessant parallelle her.

Utforming av nakkeparti

Utforming av nakke på skiveøkser representerer òg ein viktig markør for form og funksjon. Mange gangar er forma på nakkepartiet eit resultat frå kanthogging av smalsider/sidekantar på skiveøksa. Nakken vil med dette ikkje alltid vera smalare enn resten av skiveøkskroppen. Ved gjennomgang av skiveøksmaterialet var det mogleg å skilje ut to typar nakketilverknadar som grovt lar seg definere som to ulike teknikkar. Den første teknikken er som forklart ovanfor, men sidekantar langs nakkepartiet vil vera ytterligare kanthogd slik at nakken ender i ein spiss. Den andre teknikken syner at nakken har fått ein eigen retusj: med grov retusjering frå toppen av nakken vertikalt. Resultatet er ein nakke som

ofte er avrunda og smal. Begge teknikkar står fram som gjennomtenkte og planlagde, og med omsyn til funksjon er det nærliggande å forstå skiveøkser med eit tydeleg nakkeparti til å vera skjefta, og at slike skiveøkser difor må ha vore ei øks, slik namnet skiveøks viser til.

På fleire av dei store skiveøkslokalitetane som vart undersøkt gjennom arbeidet med masteroppgåva, var nakketilverknad generelt synleg på over 50 prosent av skiveøksene på lokalitetane. Dette gjeld skiveøkser frå: Breiviksklubben på Bratt-Helgaland i Karmøy kommune; Hundvåg-lokalitetane i Stavanger kommune og lokalitetane på Gal-tahalvøya i Rennesøy kommune. Det er ikkje overraskande at skiveøkser varierer med omsyn til nakketilverknad og retusjering, dette er diskutert i fleire arbeid som omhandlar skiveøkser frå både norsk, dansk og svensk forsking. Det har likevel vore eit sakn i norsk forsking å få kartlagt teknisk variasjon i materialet for og mellom anna kunne svare på spørsmål som rører ved funksjonen til denne reiskapen.

Erverv og funksjon

I tidlegmesolittisk tid i Sør-Noreg har folk i all hovudsak busett seg ved kysten. Norskekysten kan i preboreal

periode samanliknast med dagens arktiske biotop med både isbjørn, sel og reinsdyr som del av fauna. Randområda av den smeltande isbreen har vore eit tundralandskap med småvekst i byrjinga av preboreal periode, men med eit varmare klima og ein aukande bjørkeskog i overgangen til boreal periode. Truleg har jegerar og sankrar store delar av året vore avhengige av det maritime og marine matfataet med jakt av ulike havpattedyr og fiske (jamfør Bjerck 2009), i tillegg til utnytting av terrestrisk fauna. For å livnære seg av kyst- og sjøressursar er det logisk å forstå at menneska må ha hatt ein tilsvarande teknologi som har moglegjort eit slikt levegrunnlag, og det er nærliggande å forstå ei slik tilpassing med utgangspunkt i ulike båtkonstruksjonar og kanskje sledeinnretningar, eigna til både livnæring og ferdsel.

På bakgrunn av diskusjonen på teknikk og funksjon som ovanfor er framlagt, er det mogleg å forstå skiveøkser nyttar som både eit hogge- og eit skrapereiskap: ein type luttisk teknologi som kan ha hatt ulike bruksområder innanfor naturvilkår som her portrettert. Det faktum at vestnorske skiveøkser syner teknikkar som fremmar likskapar med eit skrapereiskap (skiveskrapar), sett i kombinasjon med brukssporanalysar

som viser eggskader som samsvarer med arbeid på hud framfor hogging i tre, kan tene som ein funksjonell diagnose for at vestnorske skiveøkser har vore nytta på bruksområder som til dømes: flåing og partering av ulike pattedyr, til skraping av skinn nytta til båtkonstruksjonar, til telt og til klede. Skiveøkser nyttar som faktiske økser står ikkje i kontrast til dette biletet. Å partere eit stort sjøpattedyr som til dømes sel eller kval krev truleg gode, små, skarpe økser som klarer å bryte gjennom både sener, musklar og bein. Soleis vert skiveøksa generelt forstått som eit fleirfunksjonelt reiskap som i nokre tilfelle synes å ha vore skjefta men i andre tilfelle truleg har vore handheldt og nytta til å skrape med. Vegen vidare med omsyn til funksjon, må vera å gjennomføre detaljerte undersøkingar på lokalitetsnivå som i større grad enn kva vist til i denne artikkelen, kan synleggjera retusjering, bruksspor og tilverknad av nakke. Med dette får ein i større grad systematisert og synleggjort teknisk variasjon, som kan gi meir informasjon om funksjon. Eksperimentelle funksjonsanalysar vil også vera viktige bidrag.

Skiveøksteknologi

Det er utan tvil meir operativt å forstå skiveøkser i forhold til sin klimatiske kontekst i tillegg til sin kulturelle kontekst. Skiveøkser frå preboreal

periode representerer ei reiskapsform som har vore nytta i eit landskap med andre klimatiske og økonomiske føresetnadar, til forskjell frå landskapet i boreal- og atlantisk periode. Ulike naturgitte vilkår gir ulike potensielle bruksområder for skiveøksa som reiskap. Samtidig poengterer den lange bruksperioden for skiveøkser i Sør-Skandinavia og Vest-Sverige, at skiveøks som teknologi representerer ei reiskapsform som har hatt stor

bruksverdi utover kulturelle og klimatiske vilkår. Reiskapen har teknisk vore lett å tilverke/produsere, preferert råstoff har vore tilgjengeleg og som her argumentert for: skiveøkser har truleg vore fleirfunksjonelle i sin teknologi. Skiveøksteknologi vert difor eit foreslått omgrep som skal understreke reiskapen som ein skivebasert teknologi, som innehar eit spekter av teknisk variasjon med ulike funksjonelle føremål.

Vidare lesing:

Bjerck, H. B. 2009: Colonizing seascapes: comparative perspectives on the development of maritime relations in the Pleistocene/Holocene transition in north-west Europe. i Mesolithic Horizons. Papers presented at the Seventh International Conference on the Mesolithic in Europe, Belfast 2005, red. av Sinéad B. McCartan, Rich Schulting, Graeme Warren og Peter Woodman, s. 16-23. vol. I. Oxbow Books, Belfast.

Bjørn, A.1930: Studier over Fosnakulturen. Bergens Museums Årbok 1929, Avhandlinger og Årsberetning, Historisk-antikvarisk rekke 2. Bergen Museum, Bergen.

Granados, T. 2011: Skiveøkser frå Vest-Noreg: ein analyse av teknikk, klassifikasjon og distribusjon. Upublisert masteroppgåve, UiB.

Knutsson, H.1982: Skivyxor: experimentell analys av en redskapstyp från den senatlantiska bosättningen vid soldattorpet. Uppsats C1/20p Arkeologi, säskilt nordeuropeisk, Uppsala HT 82, Uppsala.

Vang Petersen, P. 2008: Flint fra Danmarks oldtid. 3 Utg. Muséerne.dk, Vordingborg.

Arkeologen som skreiv NS-propaganda. Ei fortrengd faghistorie?

Håkon Reiersen

Det er tidlegare skrive ein del om den arkeologiske verksemda under krigen. Særskild har ein fokusert på den heltemodige historia om Oldsaksamlingen som gøynde bort oldsaker før krigens utbrot, og som slik hindra okkupasjonsmakta å få hendene i gjenstandar som Snartemosverdet. Til same historie høyrer også fengslinga av Brøgger og tvangsflyttinga av Shetelig til Oslo. Når det gjeld den andre sida, har det også blitt skrive noko om fienden sine SS-arkeologar og om Nasjonal Samling (NS) sin bruk av historiske symbol i propaganda. Artikkelen tek for seg eit vanskelegare emne som det til no er skrive lite om - det at også ein norsk arkeolog aktivt kunne støtte nasjonal-sosialistisk ideologi. Blant kullet som byrja å studere arkeologi tidleg på 1930-talet fanst det nemleg ein student som seinare kom til å bli viktig i NS si produksjon av propaganda og sok etter historisk legitimitet. Ein kan spørje seg kvifor hans historie ikkje tidligare har blitt fortald. Er det fordi det har vore ukjend for fagmiljøet, eller har dette rett og slett blitt fortrengd frå faget si historie?

Krigen i faghistoria

I fem år var Noreg okkupert av Nazi-Tyskland. Som del av forvaltninga blei dei arkeologiske myndighetene då tvungen til å forhalde seg til na-

zistane og NS si styring. I faghistoria har ein fokusert på motstandskampen som sentrale aktørar på dei arkeologiske musea anten var aktivt med på eller støtta. Særskild heitt gjekk det

føre seg i hovudstaden. Frå kjellaren i Oldsaksamlingen blei det distribuert illegale aviser, og ein grov ferdig Raknehaugen utan å nytte den innvilga pengestønaden frå tyskarane. Uerstattelege oldsaker blei gøymd bort allereie i 1939, og trass i arrestasjonen av styrarane Brøgger og Grieg røpa ein ikkje kor desse fanst. Nazistane forsøkte fleire gonger å få tak i Snartemosverdet, men dei blei gong på gong nekta av arkeologane.

Det er denne sida av faghistoria vi liker å vise fram, og som er viktig for vår fagidentitet. Som fleire andre grupper i samfunnet stod arkeologane nokså samla mot fienden, og bidrog på sin måte i motstandskampen. Likevel var det ikkje alle arkeologar som stod på rett side. Som i resten av samfunnet opplevde også arkeologimiljøet eit oppgjer etter krigen. I tidsskriftet Viking frå 1945 kan ein lese i årsmeldinga at etter frigjeringa blei åtte av dei norske medlemmane i Norsk Arkeologisk Selskap strokne frå medlemslista grunna "unasjonal holdning under krigen". Sjølv om truleg ingen av desse var arkeologar, viser det at alternative haldningar fanst innan det historieinteresserte miljøet.

Det einaste velkjende dømet på "unasjonal haldning" frå ein norsk arkeolog er Harald Egenæs Lund. Under

krigen var han med i NS sitt kulturtинг, og i 1941 fekk han jobb som konservator ved Tromsø Museum. I 1943 skreiv han heftet "Solkorset. En kort betraktnign bygget på historiske overleveringer og oldfunn". Det er så vidt eg veit ikkje skrive så mykje om Lund, men dei som har skrive om han har ofte forsvara han som opportunist og ikkje nazist. Ifølgje Eva og Per Fett var han ikkje NS-medlem, men han lot seg altså velje inn på kulturtิงet. Berglund skriv at Lund i brev sjølv hevdar at han gav NS si støtte for å hindre at kulturminne skulle bli øydelagde. Etter krigen måtte Lund gå frå stillinga si som konservator og han sona også ei landssvikdom. Han skal sidan ha kjend seg urettferdig handsama av fagmiljøet og han skal ha slite med si fortid. Vår einaste kjende arkeolog som tilsynelatande stod på fienden si side har altså blitt framstilt som ein som ikkje verkeleg trudde på deira ideologi.

Den meir eller mindre ukjende historia om Kristen Lindøe syner eit anna bilet. Lindøe hadde arkeologisk bakgrunn og var ein overtydd nasjonal-sosialist. Eg vil i det følgjande forsøke å gi eit lite innblikk i denne ukjende historia. Det må påpeikast at artikkelen byggar på ei særslig overfladisk litteraturjennomgang, og at det i ulike arkiv nok finst ein god del stoff som

kan belyse historia endå meir.


Arkeologistudenten

Den 24 år gamle Kristen Lindøe byrja å studere arkeologi ved Oldsaksamlingen hausten 1929, samstundes med den fem år yngre Eva Fett (då Meyer). Ifølgje henne hadde Lindøe då allereie noko erfaring frå arbeid ved Stavanger Museum, slik at han var meir driv- en og sjølvsikker enn sin medstudent då dei to vart sette til museumsarbeid. Vårsemesteret 1930 reiste Lindøe så til Bergens Museum for arbeid og vidare studiar under Shetelig og Bøe. Her arbeidde han i alle fall til 1932, og så seint som i 1934 var han med på utgravingar for Stavanger Museum. Eg vil her kort nemne somme av utgrav- ingane han deltok på.

Lindøe grov ein steinalderbuplass på Hatlebrekke på Kvamsøy, og dei tre hellarane Kjerringholet i Blomvåg, Skipshelleren i Stamnes og Sætrehel- laren på Bømlo. I sistnemnde fann han den velkjende Sætrekammen med ru- neinnskrift frå folkevandringstid. Gravinga i Skipshelleren i 1931 var Noregs første studentgraving, med Lindøe som den eldste studenten. Før feltkurset kom i gong gjennomførte han ei prøvegraving her saman med Johs. Bøe. Lindøe grov ut gravminne i store deler av det vestnorske muse- umsdistriktet. Han var på Lid i Ha-

ram, Ytre Flø i Ulstein, Valset i Ørsta, Sanddal i Jølster, på Luster prestegard og på Øvstebø i Etne. Vidare grov Lindøe ut fleire hustufter. Den første, som han grov ut på Sunnmøre, blei publisert i Bergens Museums Årbok for 1930. Hustufter frå mellomalder grov han på Kalvestad på Sulalandet og på Hellaug i Etne. Med Jan Petersen ved Stavanger Museum var Lindøe også med å grave hustufter på Utsira og sist ein røysrest på Kongshaug, Avaldsnes i 1934.

Sjølv om Lindøe studerte arkeologi og aktivt jobba ved musea i ei årrekke, blei han aldri ferdigutdanna arkeo- log. Ifølgje medstudentane Eva og Per Fett forlet Lindøe faget for å arbeide i næringslivet i heimbyen. Eva Fett tok magistergrad i 1933 og Per Fett i 1935, og sistnemnde gjekk i 1936 inn i ei nyopprettet stilling ved Bergens Mu- seum. Viss Lindøe hadde gjennomført grada si, kunne kanskje han som den eldste og mest erfarne av desse ham- na i denne stillinga. I så fall kunne ein ved krigsutbrotet hatt ein NS-verleg arkeolog tilsett i Bergen, som tys- karane kanskje kunne ha sett inn som styrar. Men dette skjedde ikkje. Sjølv om Lindøe var ute av faget, var inter- essa for arkeologi framleis viktig for han. I lokalavisa skreiv han artiklar om lokal arkeologi mellom anna i åra 1938-39.



Figur 1 Noregs første studentgraving ved Skipshelleren i 1931 (etter Fett og Fett 1988). Frå venstre Per Fett, Eva Fett og Kristen Lindøe.



Forslaget til omlegging av museumssektoren

Den 9. april 1940 var krigen i gang her til lands. I månadsskiftet januar-februar 1941 gjorde okkupasjonsmakta sitt første forsøk på å få overlevert gjenstandar frå Oldsaksamlingen. Førespurnaden blei avslått og syntet at museet framleis hadde makt over samlinga si. Den 22. februar kom det så eit framlegg om omorganisering av heile sektoren for historie, arke-

ologi, arkiv og museum. Det var nok i første rekke eit brev frå Landslaget for lokalhistorie som utløyste dette framleggget, men det er mogeleg at Oldsaksamlingen sitt avslag også var med på å framskynde forslag til endringar i systemet. Framleggget blei send av Gulbrand Lunde, ministeren ved Departementet for kultur og propaganda, og vedlagt brevet var ei skisse for omorganiseringa forfatta av Lindøe. Eg siterer her Bjørkvik

(1995: 25): "Lindøes plan som var storstilt, men fantastisk, drog opp retningslinene for ei heilt ny organisering av det historiske, antikvariske og museale arbeidet i landet, basert på ei ordning med ein "rikshistoriker" som sjef, og med underordna "fylkeshistorieledere" og "kretsledere"." Institusjonane som ville bli råka av endringane, inkludert Oldsaksamlingen og Riksantikvaren, skreiv eit samla skriv imot omorganiseringa, som då blei

kansellert. Ei vellukka omlegging ville ha "nazifisert" heile kulturminnevernet og hadde fått store konsekvensar for handsaminga av arkeologi og historie over heile landet. Dei fem landsdelsmusea hadde nok missa mykje av makta over sine gjenstandar til "rikshistorikaren". Om Lindøe sitt forslag hadde gått gjennom kunne altså motstanden Oldsaksamling synte nazistane vore fânyttes. Ved omorganiseringa ville truleg forslagsstil-



Figur 2 To hefte som bidrog til legitimering av NS sin ideologi, skrivne av høvesvis Lindøe i 1942 og Lund i 1943. Sjølv om Lund sitt bidrag nok er meir kjend i faghistoria, var Lindøe ein meir aktiv propagandaforfattar.

laren også fått ei sentral rolle i den nye organisasjonen, anten på fylkesplan eller riksplan. Kva rolle Lindøe på denne tida faktisk spela i høve til Departementet for kultur og propaganda kjenner eg ikkje til, men denne informasjonen er nok å finne i Riksarkivet. Når Lindøe sitt skriv er vedlagt sjølvvaste propagandaminister Lunde sitt brev til museumssektoren, og Lindøe året etter stiller ferdig eit påkosta propagandaverk, er det likevel grunn til å tru at han då har vore nært knytt til departementet.

Propagandaforfattaren

Ein viktig del av Nasjonal Samling sin strategi for å fremje nasjonal samkjensle var å spele på symbol frå landets stordomstid i vikingtid og mellomalder. Dette var ifølgje Lise Nordenborg Myhre tankar klårt uttala både av føraren Quisling og hans propagandaminister Lunde. Så vidt eg veit bidrog Lindøe med minst tre tekstar som med rette kan karakteriserast som historisk propaganda. Tekstane har alle klåre referansar til Quisling og Nasjonal Samling og skulle få nordmenn til å forstå si historie på rett måte. Lat oss då kort ta for oss tekstane til Lindøe.

Først av alt har vi det allereie nemnde påkosta propagandaverket frå 1942, som hadde tittelen "Soga fortel" (al-

ternativt "Sagaen forteller"). Dette var ei innbunden og rikt illustrert bok i A4-format. Boka var "tileigna Noregs ungdom" og i Aftenposten blei boka ved juletider promotert som årets gavebok. Men det var ei anna og meir effektiv distribusjon boka i røynda var tiltenkt. Alle konfirmantane fekk boka som gave, stempla "Frå Ministerpresidenten" på førstesida. På denne måten skulle Noregs ungdom lære å kjenne nasjonens historie frå steinalder til høgmellomalder, slik den var tolka av NS og Lindøe. I føreordet skriv forfattaren om "høvdingtanken" som har drive landets historie - tanken om samling kring ein førar og hans hird. Interessant nok manglar dette føreordet i den versjonen som Bergens Museum fekk tilsendt. Det er altså mogeleg at ein forsøkte å skjule dette propagandaframrykket for arkeologane.

Same året stod også Lindøe som forfattar for eit hefte i serien "Verden i dag og i morgen", no for eit vaksen publikum. Heftet hadde tittelen "Norrmøn ånd" og sökte å knyte eldre og nyare historie opp mot ideologien til NS. Både Harald Hårfagre, vikingtoktene, grunnlova av 1814 og Nansen peikte ifølgje Lindøe i retning av ei norrmøn and som samla vårt særigne og opphavlege folk til stordådar og utferdstrong. Og han konkluderer:



Figur 3 Ein viking helser med reist arm mot skipa på veg over havet. "Soga fortel" er rikt illustrert. Helsing med utstrakt arm finst på tre figurar, og i tillegg finst andre ideologiske detaljar som hellerissaren med langt, blondt hår.

"Nasjonal Samling er den makt som kan vekke det norske folk. Gjennom denne bevegelsen går som en lysende tråd det som er drivkraften til vår frihet og selvstendighet, - den norrøne ånd".

Den siste NS-teksten fra Lindøe var ein artikkel i band 3 av "Nasjonalverket Det nye Noreg", tileigna Vidkun Quisling og utgjeven i 1945. Artikkelens tittel er "Våre gamle nasjonale symboler" med undertittel "- er tatt opp som et ledd i gjenreisningen av den norske og nordiske ånd". Her går Lindøe gjennom symbolbruken

til NS og konkluderer, ikkje overraskande, med at desse symbola har ei lang historie i landet. Lindøe påpeiker at solkorset finst på hellerissingar så vel som i mellomalderen, også helsing med utstrakt arm finn han døme på i hellerissingar, ordhelsinga "heil og sæl" finst i sogene, og NS sitt raud-gule korsbanner var ifølgje han landets flag i mellomalderen. Det kan her merkast at teksten om hellerissingar og solkors i stor grad er saksa fra Lund sitt hefte "Solkorset", og at hovuddelen av figurane også er henta derifrå. Det er ikkje godt å seie om Lindøe har fått løyve frå Lund til å

bruke dette materialet.

Ei fortrengd faghistorie?

Som arkeolog er det vanskeleg og urovekkande å lese tekstar skrive av ei norsk fagfelle som er så klårt og einsidig prega av nasjonalsosialistisk tankegang. Eg skal her ikkje forsøke å forklare kvifor Lindøe valde den andre sida under krigen. Til det er det framleis for mange hol og lause trådar i historia hans. Men eit like interessant spørsmål er kvifor historia har vore ukjend i faghistoria. Det kan jo først av alt sjølvsagt påpeikast at Lindøe ikkje var ferdig utdanna, slik at han reint formelt ikkje var arkeolog. Men likevel burde historia vere av største interesse for å forstå korleis arkeologi og historie kan misbrukast.

Eg har vanskeleg for å tru at Lindøe si rolle var heilt ukjend for fagmiljøet under krigen. Alle konfirmantane i landet mottok ei bok skiven av Lindøe i gáve frå Quisling. Dette kan ikkje ha gått heilt umerka forbi i fagmiljøet. Når eit forslag frå Lindøe om omlegging av heile museumssektoren blei imøtegått av eit samla fagmiljø inkludert Oldsaksamlingen og Riksantikvaren, kan dette umogeleg ha vore ukjend. Brøgger, Grieg, Shetelig og Bøe hadde alle vore lærarar for Lindøe, og dei tidlegare medstudentane hans kjende nok godt namnet

hans. Det er difor noko underleg at Eva og Per Fett ikkje nemner Lindøes aktivitetar frå krigen når Lund si historie er omtala meir i detalj. Medan Lund med si magistergrad og stilling som konservator vel var vanskeleg å gløyme, var det kanskje lettare å la Lindøe gå i gløyemeboka? Den vonde historia om NS-forfattaren som nyttar si arkeologibakgrunn til å skrive propaganda, blei då kanskje fortrengd av miljøet?

Dei fleste tekstar som omhandlar arkeologi og krigspropaganda avsluttar med ei moralpreik med relevans for notida - så også denne. Når ein også i dag møter høgrevridd tankegang underbygga med symbol frå eldre historie, er det viktig å kjenne også dei mørkare sidene av faghistoria vår der dette tidlegare har skjedd. Om vi skal lære noko frå Lindøe si manipulering av historia, burde det vere at det er viktig å ikkje retusjere han ut av faghistoria vår. Vi må ikkje berre fortelje dei positive delane av faghistoria, men også dra fram hendingar i faget som er meir skamfulle. Likevel er det klårt at sjølv nærmare 70 år etter krigen slutta, er det framleis vanskeleg å skrive om emne som har med landssvik å gjere.

Vidare lesing:

Berglund, Birgitta 1998: Harald Egenæs Lund - Konservator i krigens skygge. Spor, 26, s. 30-32. Trondheim.

Bjørkvik, Halvard 1995: Krigstida 1940-45. I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år 1920-1995, s. 25-28. Trondheim.

Fett, Eva og Per Fett 1988: Tempus fugit. Personer og studieforhold innen norsk arkeologi i tiden 1929-1934. Festschrift til Anders Hagen. Arkeologiske skrifter fra Historisk Museum, Universitetet i Bergen, 4, s. 444-463. Bergen.

Hagen, Anders 2002: Et arkeologisk liv. Primitive Tider, spesialnr. 1/2002. Oslo.

Myhre, Lise Nordenborg 1995: Fortida som propaganda. Arkeologi og nazisme - en faglig okkupasjon. Frá haug ok heidni, 1/1995, s. 13-20. Stavanger.

Rolfsen, Perry 2003: Snartemosverdet - kopier og NS-propaganda. Snartemofunnene i nytt lys. Universitetets kulturhistoriske muséer Skrifter, 2, s. 81-131. Oslo.

Presentasjon av innleverte masteroppgåver i arkeologi ved UiB, haust 2011 og vår 2012

Cornelia Marie Albrektsen

Changes in procurement and processing strategies of shellfish during the Middle Stone Age at the southern Cape, South Africa.

The premise of my research is to study changes in the shellfish assemblages of three different periods from the Middle Stone Age at Blombos Cave, in layers dating from between ~70 ka and ~100±4 ka. My chief focus will be economic choices related to the preparation and transportation of food resources and possible tool use pertaining to this. The project consists of a review of archaeological material from Blombos Cave, experiments investigating tool use and incidental trampling, and mass spectrometry tests to potentially identify burnt material.

Linda Marie Amos

'Them' or 'Us'? A Question of Cognition: The Case for Neanderthal Modernity.

Over the past few decades, the search for the roots of modern human behaviour has been the topic of many debates. This thesis explores the presence of the 'Hallmarks of Modernity' in the Neanderthal populations of Palaeolithic Eurasia and examines the implications of interaction between the Neanderthals and anatomically modern humans in light of DNA research on the Neanderthal genome.

Per Christian Burhol

Utfor stupet: Massefangststrategier i Fresvikfjellene (arbeidstittel)

Prosjektet går ut på å foreta bruksanalyser av ulike fangstanlegg for rein i Fresvikfjellene. Prosjektet er spennende da det er foretatt få bruksanalyser av fangstanlegg for villrein. Fresvikfjellene er svært rike på fangstanlegg for villrein, og området egner seg dermed godt som studieområde. Noen steder ligger det forskjellige fangstinnretninger sammen. Et mål med avhandlingen er å avgjøre om disse kan ha blitt brukt sammen eller ikke. Videre er det flere mulige styrtfangstanlegg i fjellene. Få tror på styrtfangst for rein. Å kunne påvise sikre styrtfangstanlegg vil dermed kunne representer et originalt første steg i videre forskning på styrtfangstanlegg.

Susanne Iren K. Busengdal

Stil, mote og sosial identitet. Ei komparativ analyse av smykke frå mellomalderbyane Bergen og London.

Oppgåva tek føre seg smykkemateriale frå Bryggen og London. Sidan begge byane hadde handelssamband er det spanande å sjå om det er ei felles mote her, eg vil difor sjå etter likskap og forskjellar i dei to materiala ved å analysere dei ut frå materiale, form og dekor. Problemstillingane mine skal også ta føre seg sosiale aspekt knytt til brukaren, der eg mellom anna vil sjå kva materiale kan seie om kjønn, status, etnisitet, yrke, gruppertilhørsle osv.

Ann-Kristin Dahlberg

13 kyrkjestader i Sunnfjord. Ein arkeologisk analyse av mellomalderkyrkjestader frå kyst til innland, med sikte på å belyse trekk ved religionsskiftet i Sunnfjord (arbeidstitte).

Analysen foyer seg inn i ei rekke kyrkjestadsundersøkingar frå dei siste 15 åra. Fleire av desse har vore gjort på Vestlandet, men ingen har så langt funne stad i undersøgingsområde som geografisk eller topografisk tilsvrar mitt. Området strekker seg over fire skipreider i eit 10 mil langt samanhengande belte frå kyst, gjennom ytre og indre fjordstrok, til innland. Ved å undersøke kvar einskild mellomalderkyrkjestad i ein landskaps- og sosioøkonomisk kontekst, vonar eg å kaste lys over spørsmåla om kvifor kyrkjene i området vart reist akkurat der, når, og av kven. Kan plasseringa vere eit uttrykk for kontinuitet i kultstad eller i makttillhøve gjennom religionsskiftet, eller har dei derimot vore plassert på ”nye” stader? Danna det seg mønster frå kyst til innland med omsyn til desse spørsmåla?

Ailén Moltu Frækhaug

Jeg skriver oppgave om hvem som kan ha stått bak fangsten ved fangstanlegg i Vik og Aurland. Jeg vil diskutere hvilke bygder som trolig kan knyttes til fangsten og om fangsten kan knyttes til fremvekst av eliter. Jeg vil også vurdere om de ulike fangstanleggene representerer en gårds eget forbruk, eller om de representerte massefangst og derfor et større marked.

Eirik Hjelmtvedt

Regional diversitet eller felles utvikling - en komparativ analyse av middelaldervåpen fra Bergen, Oslo og Trondheim (arbeidstittel)

Oversikt over våpenmaterialet funnet i de ulike områdene skal danne grunnlag for sammenlikning for å lete etter fellestrekker eller forskjeller i typer, utfoming o.l.

Jon Reinhardt Husvegg

Redskaper for tre. En undersøkelse av middelalderske redskaper for bearbeiding av tre fra Bergen og Vestlandet.

Inneholder fargekatalog over alle gjenstandene, tanken var at dette skulle gi et betre inntrykk av materialet.

Magnus Haaland

Intra-site spatial analysis of the Still Bay units in Blombos Cave, South Africa.

Korleis menneske i afrikansk mellom-steinalder organiserte seg i rom i er ikkje kjend, og har i litra grad blitt studert tidlegare. I denne masteroppgåva vil eg gjere ein distribusjonsanalyse av det arkeologiske materialet som kjem frå dei 70-77 000 år gamle ‘Still Bay’-laga i Blombos Cave, Sør-Afrika. Føremålet med oppgåva er å auke kunnskapen vår om korleis prehistoriske menneske i Sørlege Afrika organiserte liva sine romleg, lang funksjonelle, sosiale og symbolske aksar.

Kjell Lande

En arkeologisk analyse av middelalderske kirkesteder på Haugalandet (arbeidstittel)

Cicilie Husebø Nilsen

Dekorerte Husholdsgjenstander. En arkeologisk analyse av dekorert tremateriale fra utgravingane på Bryggen i Bergen.

Denne masteroppgaven tar for seg dekorerte husholdsgjenstander av tre, funnet under de store Brygge-utgravingene i Bergen (1955-1968). Målet har vært å kaste lys over dagliglivets gjenstander og materiell kultur ved å undersøke utfomingen av dem. Med husholdsgjenstander menes i denne kontekst fat, skåler, boller, skjeer, lokk og kar; ting man kan tenke seg at var i bruk i hverdagslivet i middelalderen. Gjenstandsaterialet omfatter 443 dekorerte husholdsgjenstander av tre, fordelt på fem hovedgrupper: skjeer (7), lokk (37), fat (71), skåler og boller (257), og kar (71). Foruten å identifisere de ulike husholdsgjenstandene har oppgaven fokusert på de ulike typene for dekor som

var å finne på materialet, og det er også videre sett i et tidsperspektiv med sikte på å se i hvilken grad dekorformene bærer preg av endringer eller kontinuitet.

André Ntagwabira

Classification of artifacts related to iron smelting activities in Rwanda: Furnaces and tuyeres. The use of archaeological data and ethnographic museum collections for interpretation.

This thesis concerns the Iron Age period in Great Lakes Africa (500 B.C-1900 A.D). First, it gives an overview on iron smelting technology (its advent, spread and development) in Great Lakes Africa with a particular emphasize on Rwanda. On the basis of archaeological and ethnographic evidence, it is shown that -like in other parts of the continent- ironworking technology can be hardly separated from its social context involving ritual and symbolism across Great Lakes Africa. In the course of this research, an iron smelt has been reconstructed in the west-southern region of Rwanda, and a documentary film that shows the whole process of iron production was made. The data resulting from this experiment and data from other experimental smelts conducted previously in Rwanda (whose materials are kept at the Ethnographic Museum of Huye) are compared with archaeological finds. The work ends up with the proposition of types of iron furnaces and tuyeres that were used in Rwanda.

Anna Lovise Skaar

Folket i myra (arbeidstittel)

Med fokus på katalogisering av myrlik fra yngre bronsealder og eldre jernalder i Danmark, samt ei undersøking på relevansen mellom myrlik og sosiale, økonomiske og religiøse endringar.

Sissel Kalund Sørli

Grenselandet mellom framstilling og forestilling - En analyse av arkeologisk formidling gjennom tre museumsutstillinger.

Oppgaven går ut på å få et innblikk i ulike sider ved formidling i dagens museer, og utfordringer man som fagperson kan møte ved å prøve å forene kunnskap og opplevelse.

Nikolai Rypdal Tallaksen

Preliminary analysis of the Howiesons Poort lithics at Klipdrift Shelter: A chaîne opératoire approach (preliminary title)

The goal of the thesis will be to describe and interpret the lithic assemblage, and key questions will be:

- What is the nature of the techno-typological variability in the Klipdrift Shelter lithic assemblage?
- Which behavioural inferences can be made in terms of the chaîne opératoire?
- How does the Klipdrift Shelter assemblage compare to other Howiesons Poort sites in terms of techno-typological variability and geography?

B

Blad i postabonnement

Returadresse:

RISS - Et arkeologisk tidsskrift
v/Universitetet i Bergen, AHKR
Øysteins gate 3
5007 Bergen



Skålgrupa Arkeologisk Forening, en forening drevet av arkeologistudenter med det formål å skape et uformelt, sosialt møtepunkt mellom studenter på forskjellige nivå og mellom studenter og ansatte ved institusjonene som befatter seg med arkeologi i Hordaland. Skålgrupa ønsker også å knytte kontakter på tvers av faggrenser og inviterer alle til å delta på foredragene, uansett fagretning eller utdanning.

Har DU lyst å holde et innlegg, eller på annen måte presentere det du jobber med? Eller kanskje du har forslag til personer det kunne være interessant å høre fra?

Ta kontakt med oss på vår e-postadresse
skaalgrupa@hotmail.com

Bli gjerne medlem i vår Facebook gruppe **Skålgrupa-Arkeologisk Forening**, og send oss din e-mail adresse om du ønsker å stå på vår kontaktliste.